



Bjørn Roald Eknes
Møllendalsveien 65b
5009 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/201 - 23/10139

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
06.02.2023

Ber om tilbakemelding knytt til tømning av avløpsanlegg på dykkar eigedom - gbnr. 239/87 Eknes ytre

Alver kommune har den 04.1.2023 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 18.10.2022 vart det registrert avvik type «andre hindringar».

Årsaka til avviket er skildra slik: «Her er skogsvegen ned til hytta i så dårleg stand at det, ved neste tømning, vil vere umogleg å køyre til bil til plassering der ein er innanfor tømmedistanse. Her lyt nok vegen utbetrast.»

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen.

Vi ber difor om ei tilbakemelding om tilhøva knytt til tømmesituasjonen på eigedomen din og mogelegheit for utbetring av vegen.

Frist for tilbakemelding vert sett til 06.03.2023.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Avviksmelding med bilete frå Norva24 AS er vedlagt.

Svar sender du til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensningslova § 7.
- Illegging av tvangsmulkt følgjer av forurensningsloven § 73
- Straffansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/201

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 239/87 Eknes ytre
bilde 1
bilde 2
bilde 3

Mottakarar:

Bjørn Roald Eknes
Brita Elisabeth Eknes Blom
Moira Kristin Eknes

| | | |
|-------------------------------|------|--------|
| Møllendalsveien 65b | 5009 | Bergen |
| Sageneset 22n | 5244 | Fana |
| Birch-Reichenwalds Gate 33 | 0483 | Oslo |